

- 208/71. Byggemelding fra Henry Kolås, Manger, for tilbygging av bustadhus på gnr. 59, bnr. 1, Kjeseth i Radøy.
29/11-71

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner den förelagde planen, men tek atterhald om eventuelle seinare pålegg frå helserådet vedkomande kloakkutsleppet.
 Alt arbeid må utförast fagmessig og i samsvar med bygningslova og gjeldande föreskrifter.

- 209/71. Byggemelding fra Richard Sevdal, Manger, for oppföring av garasje på gnr. 45, bnr. 100 av Manger i Radøy.
29/11-71

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner oppföringa av garasjen.
 Bygningsrådet gjer merksam på at for gjeldande reguleringsplan for Manger sentrum, er neverande avköyrsle frå riksvegen avstengd. Dette vil medföre at utköyrsla frå garasjen seinare må utförast i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

- 210/71. Byggemelding fra Odin Oppedal, MANGER, for oppföring av garasje på gnr. 33, bnr. 18, Hella indre i Radøy.
29/11-71

Sökjaren sin bustadtomt er utskilt frå dette bruket. Frå grunneigaren, Annanias Hella, ligg det före skriv der han gjev Odin Oppedal løyve til å föra opp garasje på hanseigedom. Grunneigaren held seg rett til å fjerne garasjen når Oppedal ikkje lenger har bruk for bil, eller dersom garasjen kjem i vegen for eventuell hyttetomt.

VEDTAK: Bygningsrådet gjev løyve til oppföring av garasjen i ein avstand på minst 30 m frå midt i riksvegen, og i samsvar med det løyve som ligg före frå grunneigaren.

- 211/71. Byggemelding fra Konrad Mellingen, Bovågen, for tilbygging av bustadhus på gnr. 24, bnr. 12, Bø i Radøy.
29/11-71

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner den förelagde planen, men tek atterhald om at konstruksjonen må utförast slik at den ikkje svekkjer det tidlegare bygget.
 Arbeidet må elles utförast fagmessig og i samsvar med bygningslova og gjeldande föreskrifter. Bygningsrådet tek og atterhald om eventuelle seinare pålegg frå helserådet vedkomande kloakkutsleppet.

- 212/71. Byggemelding fra John Bauge, Manger, for oppföring av bustadhus på gnr. 45, bnr. 135 av Manger i Radøy.
29/11-71
 Byggemeldinga var före som sak 195/71.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner planen slik den no ligg före.
 Alt arbeid må utförast fagmessig og i samsvar med bygningslova og gjeldande föreskrifter.